




Lærdal

**Reglar for tildeling av tilskot til  
Utvalt kulturlandskap Lærdal  
2021 - 2024**



*Godkjend 15.4.2021 FS-sak 033/21*

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966.*

## **Føremål**

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

## **Verkeområde**

Reglane gjeld for *Utvalde kulturlandskap Lærdal* (UKL Lærdal) slik det er avmerkt på kart i Naturbase.

## **Samarbeidsgruppe**

Det er etablert ei samarbeidsgruppe for UKL Lærdal. Grappa er samansett av følgjande organisasjonar og representantar for lokal og regional forvaltning:

- Lærdal bondelag
- Lærdal sau- og geit
- Lærdal historielag
- Lærdal grønt
- Lærdal elveeigarlag
- Borgund elveeigarlag
- Lærdal kommune v.ordførar
- Lærdal kommune v.landbrukssjef
- Vestland fylkeskommune - Kulturavdelinga
- Statsforvaltaren i Vestland

Føremålet med grappa er å drøfte overordna spørsmål og prioriteringar knytt til forvaltning og tilskot til området.

## **Tildeling av tilskot**

Lærdal kommune kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet med tilskotsordninga. Samarbeidsgruppa for UKL Lærdal deltek i prioriteringar for bruk av tilskot.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området (forvaltningsplanar og skjøtselsplanar). Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

## **Tiltak**

Lærdal kommune kan løyve tilskot til følgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

## **Tilskot**

Lærdal kommune kan løyve tilskot til skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området.

Følgjande planar er førebels gjeldande for Lærdal:

- Forvaltningsplan for Midtre Lærdal 2018 – 2028, utgåve 1. november 2017, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Historiske utviklingstrekk for kulturlandskapet i Lærdal, Høgskulen på Vestlandet
- Kulturmarker og skjøtsel, Høgskulen på Vestlandet
- Lokalitetar, Høgskulen på Vestlandet
- Gjeldande skjøtselsplanar og tiltaksplanar

## **Krav til søknad**

Søknad skal sendast inn via Altinn.

Søknaden må innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, budsjett og gjennomføringsplan. Kart og fotodokumentasjon er viktige dokument som bør leggest ved søknaden.

Søknadsfrist vert fastsett kvart år.

## **Arbeidsfrist**

Frist for gjennomføring av tiltak er 3 år frå det blir løyvd tilskot. Lærdal kommune kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

## **Utbetaling av tilskot og krav om rapportering**

Lærdal kommune betalar ut det løyvde tilskotet etter skriftleg rapport når omsøkt tiltak er ferdig. Skjema for rapportering skal sendast inn via Altinn.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttregneskapen er godkjent.

*Lærdal kommune 15.4.2021  
FS-sak 033//21*



*Rå – foto: Magnhild Aspevik.*